

Godt i gang med ny bok

◆ Til høsten kommer første bindet av gards- og slekthistorieboka for Heidal

Av Odd Vang

Boknemnda har nå, sammen med sine medhjelpere, blitt ferdige med pakkingen av brevene som skal sendes ut til de 350 huster første bindet omhandler. Dette er det første bindet av to bøker.

Puslespill

– Dette er et stort puslespill. Vi

har skaffet oss mye informasjon både fra kirkebøker og folketellinger fram 1910. Nyttige har også bøkene Norske Gardsbruk vært. I tillegg sitter de lokale folkene som er med i boknemnda inne med mye kunnskaper.

Viktig

Det er nå viktig at folk leser gjennom utkastet og retter eventuelle feil og mangler som måtte finnes. Vi ber også om at de det gjelder supplerer opplysningene som er gitt dersom noen finner dette nødvendig, slik at vi får dette rettet. Eventuelle rettinger og tilleggsopplysninger ber vi om blir retur-

net så snart som mulig, og innen 1.mars 2011, sier Arnfinn Engen.

– Kai Kveum har også vært en viktig bidragsyter. Kveum har slektinger i Heidal, og har samlet og skrevet om gårder og slekter i Heidal.

– Den første boka omhandler alle steder på Murudalen, gnr. 172 Meringsdalen til og med gnr. 182 Prestgard. Resten av bygda kommer i neste bind, forteller Ola K. Randen, som tilføyer; – Hytter blir også med i bøkene, her er det de som er eiere av hyttene i våre dager som blir nevnt.



Ola K. Randen, Anne Kari Bilben, Sverre Svindland, Edel Prestgard, Ingrid Granrud, Liv Marit Prestgard, Per Prestgard, Arnfinn Engen (redaktør), Anne Margrethe Lønsesløyken, Steinar Lønsesløyker og Pål Prestgard. De to sistnevnte, sammen med Ola K. Randen og Arnfinn Engen (redaktør), er de som er i boknemnda.



SKRIVARSTOVA: Her i skrivarstova på Weistad starta boknemnda våren 2009: F.v. Leiar Steinar Lønsesløyken, redaktør Arnfinn Engen, Ola K Randen og Pål Prestgard. No skal råmanuset ut til retting. Foto: Leif Øverland

Største Heidalsboka

Mykje av Heidals-historia er allereie mellom to permar, men no kjem den største boka, i to band til og med.

Av Leif Øverland

HEIDAL: Råmanuset til første band av Gards- og slekthistorie for Heidal er no ferdig. Den omhandlar eigedomane frå og med gnr. 172 Meringsdalen til og med

gnr. 182 Prestgard. Utkast blir sendt til retting til dei som eig eigedomane i dag. Frist for retting og tilleggsopplysningar er 1. mars. Band 1 av den nye Heidalsboka skal koma 10. august. Band to kjem ut i 2012. Boknemnda sikra seg røynde Arnfinn Engen som redaktør. Han har allereie 35 lokalhistoriske bøker på samvitet. Mellom dei er heimstaden Dovre si gards- og slekthistorie i heile fire band.

–Kva er den største utfordringa i eit slikt bokarbeid, leiar i boknemnda, Steinar Lønsesløyken?

–Systematikk og at vi er nøyaktig i alt vi gjer. Det er blitt mange telefonar. Nemnda har teke direkte kontakt med nokså mange personar i dette arbeidet. I tillegg har vi hatt god støtte frå ein utflytta heidøl, Kai Kveum, har samla inn og skrive om gardar og slekter i Øvre Heidal. Han har samla mykje som han har liggjande på datafiler. På same måten har vi god nytte av dei skrifa Jørgen Espelund har skrive om Nedre Heidal når vi skal over på band 2, seier Arnfinn Engen.

–Det er blitt mange bøker om

Heidal dei siste åra. Var ikkje alt skrive frå før?

–Vi mangla gards- og slektsboka, men det er rett at mange har skrive mykje om Heidal. Dei siste åra har vi fått både bureisarbok, seterbok og årbok pluss det som er skrive av enkeltpersonar. Vi trur at gards- og slektsboka har ein stor lesarkrins. Den vedkjem alle rett og slett. Vi vonar i tillegg at vi kan gjere den interessant å lese ved at vi syter for å få med eit bilde på kvar einaste side i boka. Vi har mange bilde og det er vårt mål, seier Steinar Lønsesløyken.